

Mineralråd - Reglement

«Mineralrådet sitt reglement regulerer heimel, val og samansetnad av rådet, mandat, samt sekretariatsfunksjon

§ 1 Mineralrådet er eit fast utval oppretta i medhald av kommunelova, §5-1 (arbeidsutval)

§ 2 - Val og samansetnad

Mineralrådet kan ha inntil 9 medlemmer og vere samansett slik:

- Inntil 2 medlem fra eit fylkeskommunalt politisk organ
- Ordførar i ein kommune i fylke
- 1 medlem frå ein kommune i fylke
- 2 representantar frå utdanning/forskning
- 2 representantar frå næring (ein frå Norsk Bergindustri)
- 1 representant frå miljøorganisasjon
-

Rådet vel sjølv leiar og nestleiar. Valet gjeld for 4 år. Dersom fleire kommunar jobbar for/med mineralutvinning kan rådet supplerast med 1 representant for slike kommunar. Rådet kan oppnemne ny representant dersom ein representant går ut.

§ 3 - Mandat

Mineralrådet skal ha følgjande mandat:

- Arbeide for industriell utnytting av mineralressursane i fylket.
- Mineralrådet skal halde seg oppdatert om utviklinga innan mineralnæring og ha særleg fokus på:
 - Framtidsretta mineralforvaltning
 - Mineralretta næringsutvikling
 - Mineralretta utdanning
 - Samla infrastruktursatsning
 - Berekraftig utvikling
 - Vidareforedling
 - Handtering restmasse
 - Aktuelle mineralprosjekt
 - Konesjonsrundar
 - Sirkulær økonomi, handtering, gjennbruk og gjennvinning av restmasser

§ 4 - Sekretariat m.v.

Sunnfjord kommune har ansvaret for at sekretariatsfunksjonen vert utført på ein tilfredsstillande måte og fører rekneskap for utgifter til rådet.

For rådet gjeld elles reglement for sakshandsaming i politiske utval.